

Tysdag 30. juni 2020 kl. 1830- 1940

Videomøte

Side | 1

Deltakarar:

Thomas Vingen Vedeld	Stad kommune
Jan Helge Dale	Kinn kommune
Øystein Furnes,	Sunnfjord kommune
Marius Solbakken,	Stryn kommune
Benny Hansen,	Gloppen kommune
Leiv Erik Husabø	Sogndal kommune
Frode Myklebust	Lærdal kommune

Frå Helse Førde:

Hilde Manseth Bjørhovde, Laila Aarnes, Lise Sørensen, Torgeir Finjord, Margun Langedal Masdal, Kari Holvik Furevik, Trine Vingsnes, Tone Holvik og Terje Olav Øen

Møteleiar: Fung. fagdirektør /klinikkdirektør Trine Vingsnes

Referent: Beredskapssjef Terje Olav Øen

Saksliste

Smittesporing i fire Nordfjordkommunar

Oppsummering av tiltak så langt

Resultat frå sporingsjobb 2 og resultat

Smittesporing 2 etter sjukepleiar som har testa positivt på Covid-19

Ca. 30 kontaktar er spora ut frå dei kontaktane som sjukepleiaren har hatt sidan tysdag.

Vedkomande smitta sjukepleiar arbeidd på tysdag og natt til torsdag/fredag

15 nye tilsette går i karantene i tillegg til dei som tidlegare er sett i karantene (10personar). Etter ny smittesporing har nokre få fått utvida smittesporing. Dette er kollegaer som har jobba på same vakt og har hatt nær kontakt i vaktskifte med aktuell sjukepleiar.

Detaljert informasjon om dei tilsette og kommune dei høyrer heime i er ikkje endeleg klar. Pr. no veit vi at dei er frå både Stad, Vanylven (2), Volda (1), Kinn (1) og Gloppen(2).

Det er sporingsteamet /smittevern som ringer opp dei tilsette og som kartlegg aktivitet og informerer om nærkontaktar, karantenetid, ev. testing for dei som kjem i karantene. I tillegg informerer dei om BHT, som vil følgje opp vidare i samarbeid med smittevernet.

BHT svarer ut prøvesvar til dei tilsette, både ev. positive og negative testar.

Pasientar som har hatt polikliniske timar og har hatt nærkontakt er no testa av aktuell heimkommune.

Nærkontakt: nærmare enn 2 meter over 15 minutt med den som er positivt smitta.

Pasientar som er smittespora

Det er gjennomført sporing nr. 2 og dette gjeld 21 pasientar. Det har vore kontakt med 14 pasientar hittil.

4 av desse er i kategorien definert som nærkontakt og skal smittetestast. Dei er sett i karantene.

- Ein person er frå Stryn – er testa – og negativt resultat. Vurdere om det skal gjennomførast ny test.
- Ein pas. ved Innvik sjukeheim – testa negativt.
- Ein pas. innlagd ved Førde sentralsjukehus – er ikkje testa førebels. Vert testa onsdag.
- Den fjerde pasienten ligg i Vågsøy og her har ein ikkje fått kontakt med denne. Den var utskriven på tysdag 23. Vart isolert på Kulatoppen. Pasienten er testa – svar er ukjent.

Der er dobbeltsjekka opp mot pasientar etter smittesporing 1 – dvs. dei som ikkje var i nærkontakt med legevikar, men kan ha vore i kontakt med sjukepleiar (sporing 2).

Pårørande

Pårørande som har vore i kontakt den smitta på jobben, t.d. ved besøk i pasientrom. Pr. i dag er det vurdert at to pårørande er definert som nærkontakt (mor og dotter). Dette er ein pas frå Eid – sjå seinare.

Nokre av desse nærkontaktane her er sett i karantene. Ansvar for å fylgje desse opp og avklare testing ligg til sjukehuset. Helse Førde må melde namna og adresse vidare til smittevernlegen/kommuneoverlege i aktuell kommune der dei er heimehøyrande.

Informasjon

Kommunane Stryn / Stad / Kinn / Gloppen får snarast råd melding om nærkontaktar fortløpande pr. telefon der kommunane har ansvar for vidare oppfølging.

Helse Førde ringer nærkontakt først og deretter smittevernlegen i kommunen

Viktig med faktagrunnlag og unngå ryktebørsen.

Det har vore brei testing av personell ved sjukehuset i dag sjølv om mange ikkje er definert som nærkontaktar.

Stryn

Ein poliklinisk pas frå Stryn er testa positivt i dag. Pas er i god form og er i karantene saman med kona. Ein sjukepleiar i kommunal omsorgsteneste har hatt nærkontakt med smitta sjukepleiar på onsdag. Her har ein sett i verk smitteverntiltak og bruk av PPE.

Tre pasientar har hatt poliklinisk konsultasjon med vikarlege – er testa og sett i karantene.

Gloppen

Smitteoppsporing knytt til smitta sjukepleiar i isolasjon (sjølvpålagd karantene frå laurdag) og pårørande er i karantene. Smittesporing er gjort – i dag er det testa 20 personar og volleyballspelarar er sett i karantene.

Det er litt «panikk» i pårørandegruppe – forsøker å gje informasjon via media.

Eid

To pårørande til ein avdød pasient er vurdert til ikkje å vere nærkontaktar med smitta sjukepleiar.

Det har her vore misstyding, men dette er no oppklåra i høve til nærkontaktsituasjonen

Den smitta sjukepleiaren har ikkje hatt nærkontakt med pårørande